


V Y A S A R K I T E K T U R T o r g a l l m e n n i n g e n 3 b N - 5 0 1 4 B e r g e n
t e l : 5 5 3 1 0 6 0 0 f a x : 5 5 3 1 1 5 1 7 w w w . v y . n o m a i l @ v y . n o






[illegible]

over
Ladestedet FLORÖ

med.
Fremstilling af sanctioneret Plan for
den fremtidige Brøddaglig
Opfølgning og continuation af
B. Høsten,
Premiersekretær.
1864

Signatuer:

[illegible]



Konseptet går ut på å forme bygget slik at det i tillegg til å svare på funksjonelle krav tilfører byen eit nytt solrikt, samlande offentlig uterom med utsikt utover havet så vel som inn mot byen sjøl. Dette får vi til ved å forme bygget som ein holme med tilkomst på kaiplanet så vel som på taket. Vi forankrar prosjektet i Fugleskjæret og Moloen sin historiske bruksmåte og den byplanmessige ideen med Moloen og kaia. Fugleskjærskaia vil på ny kunne bli Florø sin viktigste møtestad og offentlege byrom og tilføre aksen frå Kyrkja mot havet ny mening.

Konseptet går ut på å forme bygget slik at det i tillegg til å svare på funksjonelle krav tilfører byen eit nytt solrikt, samlande offentleg uterom med utsikt utover havet så vel som inn mot byen sjøl. Dette får vi til ved å forme bygget som ein holme med tilkomst på kaiplanet så vel som på taket. Vi forankrar prosjektet i Fugleskjæret og Moloen sin historiske bruksmåte og den byplanmessige ideen med Moloen og kaia. Fugleskjærskaia vil på ny kunne bli Florø sin viktigste møtestad og offentlege byrom og tilføre aksen frå Kyrkja mot havet ny mening.

Generøsiteten i dette prosjektet vil vere med å innfri forventningar til kvalitetar i uteområde og nærmiljø, og bidra til vekst, nyetablering og omstilling i den eksisterande byekjernen. Dette vil vere svært positivt for bymiljøet på lengre sikt. Taket med amfi, utsiktspunkt og opphaldsfelt vil vere ei gåve til byen og styrke Kystbyen Florø som eventby, festivalby og som møtestad på denne delen av kysten. Det sentrale rommet i terminalen kombinert med fasilitetane på taket, og rommeleg delvis overdekkja og skjerna kaiområde blir Florø sitt nye tiltrekningspunkt og storstove ved kulturarrangement av alle sortar.

Prosjektet er løyst med tanke på integrasjon. Bygget si form, arkitektonisk uttrykk og kunstnarleg ide tilfører Kystbyen Florø identitet, bruksverdi og puls. Samstundes er bygget eit velfungerande, effektivt uttrykk for krav til logistikk og romprogram. Dette prosjektet vil slik vi ser det ha kulturell og økonomisk betydning for byen si utvikling.

Situasjonsplanen legg opp til eit bygg hovudsakleg plassert i samsvar med eksisterande planar for kaiområdet. Planen legg opp til eit logistikkprinsipp tilpassa trafikkmengden i Florø. Samstundes er planen open og anlegget kan utan vanskar ekspedere auka trafikk og eller forskyving av forholdet mellom persontrafikk og godstrafikk. Dette får vi til ved å tillate blanda trafikk og legge til rette for at transport av folk og gods fysisk sett kan komme fram overalt. I praksis blir det ei administrativ oppgåve å skreddersy trafikkopplegget etter behov utan at det ligg fysiske hindringar i vegen.

Kaiområdet har rommelege mål og alle typar trafikk kan om det er behov ta seg fram "overalt" på kaia. Der er heller ingen nivåforskjellar som hindrar brukarar å komme fram. Vi har delt inn området med ulike fargenyansar i belegget og markerer oppstillingsplassar for drosjer, bussar, kø til ferjer, henting og levering av varer, etc. på ein slik måte at arealbruken til ei kvar tid kan omfordelast etter behov utan vesentlege byggekostnader og problematisk anleggstilgrigging. Vi har også lagt til grunn det bymiljømessige aspektet ved at ein også i framtida ivaretek prinsippet om ei multifunksjonell kai der sauer, folk, traktorar, fiskekassar, byggevarer etc. skal vere rimeleg blanda men samstundes tydeleg organisert.

Båtar med passasjerar og gods legg til både på nordsida og sørsida av Fugleskjerskaia. Det er passasjer gjennom bygget på kaiplanet. Logistikken blir enkel med korte avstandar / snarvegjar mellom båtane.

Oljeforsyning blir framlis frå pumper på kalkanten, men oljetankane tenkjer vi oss nedgravd på kai – eller parkeringsområdet

Gods blir lagra sentralt mellom båtane i eit eige lager. Lageret har god tilkomst for varebilar og trailarar. Inn og utlastering foregå under rommelege tak. Det overdekkja kaiarealet ved godslageret er dessutan veileigna til utandørs oppbevaring av gods og kan fungere som avlastering for lagerkapasiteten. Dessutan har ein her eit framtidig potensiale for utviding av sjøve lageret om det trengs.



Bussar, bilar, drosjer, trailarar har vi teikna inn på situasjonsplanen. Ettersom kaiplanet er rommeleg, framkommeleg og utan nivåforskjellar kan trafikkbiletet for desse kategoriane endrast om det trengs i framtida, hovudsakleg med administrative grep.

Reisande får godt oversyn, dei kan vente innandørs eller under rommelege tak utandørs, og passasjane gjennom bygget på kaiplanet. Gjer at avstandane til båtar på begge sider av kaia er relativt korte. Dei kan opphalde seg på solside og likevel ha kort veg til hurtigbåten. Den vestlege snarvegen gjennom bygget blir forbeholdt passasjerar. Passasjerar kan naturlegvis også nå båtar direkte frå terminalhallen. Eit ekstra pluss for dei reisande er at dei kan vandre over bygget, ha overblikk over båttrafikken samstundes som dei får ei verdfull oppleving av kystlandskapet og kystbyen.

Bygget er forma med tanke på multifunksjonalitet og god logistikk. Dette oppnår vi ved å legge til grunn eit landsbyprinsipp. Terminalrommet blir "torget" i anlegget. Frå dette finn ein fram til alle funksjonane i bygget. I tillegg kan ein nå det meste rett inn frå kaia. Dette gjer at einssildleigetakarar kan nytte bygget utan å vere avhengig av felles opningstider. Samstundes blir bygget relatert direkte til kaia og aktiviserer denne med inngangar, opningar, smau og trapper som i ein landsby.

Romprogrammet er organisert over tre plan under eit stort taklandskap. Alle plan har tilkomst via trapper og heis. På kaiplanet ligg dei mest publikumsretta funksjonane som billettsalg, servering, toalett / oppbevaringsboksar og hamnekontorfunksjonane så vel som vare og gods-ekspedering. Hamnekontora er plassert slik at det er kort avstand til øvrige hamnebygg. Det er lagt til rette for nattevakt / overnatting med eigen tilkomst toalett etc.

Sentralrommet opnar seg med eit fantastisk overblikk mot kystlandskapet og båttrafikken. Inne er det store kranelliknande konstruksjonar og utleigeareal stabla som kassar eller pallar oppå einannan. Desse inntar rommet på ein måte som skapar rørsle, liv og visuell forankring i hamnekulturen på kaia her. Alle areal har utstrakt bruk av glas kombinert med persienner / spiler som etter behov skjermar eller opnar utleigeareala mot sentralrommet og det storslagne kystlandskapet.

Stableprinsippet er det bærande arkitektoniske uttrykket i dette prosjektet. Det er funksjonelt, uformelt og opent for framtidige endringar. Samstundes har dei djupe røter i transportkulturen. Konstruksjonen er kraftfull slik han må vere i dette klimaet og assosierer master og kranar. Taket er eit nytt landskap i byen, ei gåve til byen. Taket er forma som ein holme mot havet slik det ein gong var, eller pragmatisk som ein presenning over romprogrammet...


Sildemonumentet er på sett og vis sjøve bygget som synleggjør landskapet og aktiviserer våre tankar om kystkulturen på mange plan. Vi har integrert arkitektur og kunst i ein tolkbar open kompositittiknande heilskap der også direkte bruksverdiar inngår i monumentet.

Metaforar er ikkje viktig, dei viktige ligg i det direkte pragmatiske ved bygget og generøsiteten vis avis byen og brukarane.

Materialbruken og fargeholdningen går delvis fram av renderingane. Hovudkonstruksjonen og taklandskapet byggjer vi i brannisolert stål. Utvendig isolert og tekkja. Eit tynt lag blåsvarmt fiberarmert betong omslutter konstruksjonen utvendig. Det blåsvarme er ein del av konseptet for dette bygget. Amfi og trapper inngår som ein integrert del av takkonstruksjonen. Vi vil arbeide vidare tett opp mot kunstneren i utforminga av overflatene på taket.

Utstrakt bruk av glas hovudsakleg mot nord tilfører rommene naturleg lys og god kontakt mot landskapet. Dette er bærekraftig i vårt prosjekt fordi store delar av utleigeareala har glasfasade via eit klimatisert sentralrom med litt lågare krav til temperaturnivået. Dette kan naturlegvis vidareutviklast i eit samarbeid eller kvart som leigetarar og brukskrav blir betre avklara.

Arealbruken er i vårt prosjekt svært påvirkelig. Den organiske utforminga av romsonene er designa med tanke på utstrakt brukarmedverknad i planleggingsprosessen. Utleigeareal og hovudform er tøylege og prosjektet er mogleg å endre også i framtida ved å tilføye areal til eksisterande boksar, eller dele inn eksisterande boksar og tilføye nye dører og eventuelt nye trapper inne så vel som ute.



Arealbruken er i vårt prosjekt svært påvirkelig. Den organiske utforminga av romsonene er designa med tanke på utstrakt brukarmedverknad i planleggingsprosessen. Utleigeareal og hovudform er tøylege og prosjektet er mogleg å endre også i framtida ved å tilføye areal til eksisterande boksar, eller dele inn eksisterande boksar og tilføye nye dører og eventuelt nye trapper inne så vel som ute.




Eksisterande landskapsformer



Konseptmodell av ny terminalbygning- nye former i landskapet

FRAMLEGG TIL AREALFORDELING, som vist i plansjane :

Ventehall	658 m2
Mesalin /utstillingsareal	350 m2
Bagasje-oppbevaring og WC	60 m2
Hamnekontor, totalt	300 m2
Konferanserom	145 m2
Gods inne	227 m2
(gods ute under tak	196 m2)
Tekniske rom	183 m2
Kafé med lager	82 m2
Utleigearealer	941 m2
TOTALT	2946 m2



Plan 1. etasje M = 1:200







Bygget er forma med tanke på multifunksjonalitet og god logistikk. Dette oppnår vi ved å legge til grunn eit landsbyprinsipp. Terminalrommet blir "torget" i anlegget. Frå dette finn ein fram til alle funksjonane i bygget. I tillegg kan ein nå det meste rett inn frå kaia. Dette gjer at einskildelegetakarar kan nytte bygget utan å vere avhengig av felles opningstider. Samstundes blir bygget relatert direkte til kaia og aktiviserer denne med inngangar, opningar, smau og trapper som i ein landsby.


Romprogrammet er organisert over tre plan under eit stort taklandskap. Alle plan har tilkomst via trapper og heis. På kaiplanet ligg dei mest publikumsretta funksjonane som billettsalg, servering, toalett / oppbevaringsboksar og hamnekontorfunksjonane så vel som vare og gods-ekspedering. Hamnekontora er plassert slik at det er kort avstand til øvrige hamnebygg. Det er lagt til rette for nattevakt / overnatting med eigen tilkomst toalett etc.

Sentralrommet opnar seg med eit fantastisk overblikk mot kystlandskapet og båttrafikken. Inne er det store kraneliknande konstruksjonar og utleigeareal stabla som kassar eller pallar oppå einannan. Desse inntar rommet på ein måte som skapar rørsle, liv og visuell forankring i hamnekulturen på kaia her. Alle areal har utstrakt bruk av glas kombinert med persienner / spiler som etter behov skjermar eller opnar utleigeareala mot sentralrommet og det storslagne kystlandskapet.

Stableprinsippet er det bærande arkitektoniske uttrykket i dette prosjektet. Det er funksjonelt, uformelt og opent for framtidige endringar. Samstundes har det djupe røter i transportkulturen. Konstruksjonen er kraftfull slik han må vere i dette klimaet og assosierer master og kranar. Taket er eit nytt landskap i byen, ei gåve til byen. Taket er forma som ein holme mot havet slik det ein gong var..







Fasade sør 1:200



Fasade aust 1:200



Fasade nord 1:200




SILDEFISKERMONUMENT I NYTT TERMINALBYGG, FLORA HAVN

I samband med nytt terminalbygg på Flora Havn har vi utvikla eit kunstnerisk konsept som integrerer sildefiskermonumentet i bygningen. Vi ynskjer å tilføya staden noko nytt. Legge til ein meiningdannande struktur som kommuniserer med dei klimatiske fenomen som havlandskapet består i. Denne prosessen er med på utforminga av bygget. Kunstnar samarbeider med arkitekten. Vi har lånt kvarandre sine "verktøy" og utvikla strukturar med konstruktivt innhald. Eksisterande fenomen (natur) får spele på kvalitativt programmerte strukturer og danne nye overgangar mellom natur og kultur (det bygde).

STEDET: Skjæret/ kai/ molo. Fast punkt i flytande hav.


INTENSJON: Forsterke opplevelsen av det bevegelig flytande havet, som omgir Fugleskjerskaia.
Skjerme besøkande.
Ta i bruk stedet på nye måtar.

UTE: Kommunisere med bølger, lys og vatn i endring.
Dobbeltkrumma utvendig bygningskropp.
Flater som beveger seg i ulike retningar.
Legge inn repetitive støypte elementer i overgangar/ brettane mellom større og mindre flater,
delvis med "møne"- og delvis med "renne"- funksjon. Strukturer som spiller med vatn og lys(på mikro natur- nivå.)
(evt. kan formene fungere som sittegrupper?)



Taket som skulpturell overflate - strukturstudier.





Sentralrommet opnar seg med eit fantastisk overblikk mot kystlandskapet og båtraffikken. Inne er det store kranelliknande konstruksjonar og utleigeareal stabla som kassar eller pallar oppå einannan. Desse inntar rommet på ein måte som skapar rørsle, liv og visuell forankring i hamnekulturen på kaia her. Alle areal har utstrakt bruk av glas kombinert med persienner / spiler som etter behov skjermar eller opnar utleigeareala mot sentralrommet og det storslagne kystlandskapet.

Stableprinsippet er det bærande arkitektoniske uttrykket i dette prosjektet. Det er funksjonelt, uformelt og opent for framtidige endringar. Samstundes har det djupe røter i transportkulturen. Konstruksjonen er kraftfull slik han må vere i dette klimaet og assosierer master og kranar. Taket er eit nytt landskap i byen, ei gáve til byen. Taket er forma som ein holme mot havet slik det ein gong var, eller pragmatisk som ein presenning over romprogrammet.... eller eit garn full av sild...

Sildemonumentet er på sett og vis sjølve bygget som synleggjer landskapet og aktiviserer våre tankar om kystkulturen på mange plan. Vi har integrert arkitektur og kunst i ein tolkbar open komposittliknande heilskap der også direkte bruksverdiar inngår i monumentet.

Metaforar er ikkje viktig, det viktige ligg i det direkte pragmatiske ved bygget og generøsiteten vis avis byen og brukarane.



INNE:
Skape kontakt mellom inne- og uterommet i den nye ventehallen.
"vegg" i porøst materiale.
som skjermar mellom rommene,
og leder lys,
lyddempande,
delvis transparent,
konstruktivt sjølvbærande struktur- "supersurface"..

Mål: 12,5 m bredde x 6,3 m høgde



